



## Innspel til grøn strategi

Vi i HOLON arkitektur vil først rose Bergen kommune, klimaetaten og andre som har bidrege til dette arbeidet med å ta klima på alvor, gjennom utarbeiding av grøn strategi! Vi har ikkje gått i detalj på heile strategien, men fokusert på det som angår oss, våre kundar og samarbeidspartnarar mest. I grove trekk tenkjer vi det er eit godt utgangspunkt som kunnskapsgrunnlag for kva som må gjerast, samstundes som vi saknar fleire konkrete tiltak. Men det antar vi kjem i tilhøyrande handlingsplanar. Vidare følgjer nokre konkrete innspel til strategien.

### I 2050 skal Bergen vera eit 2-graderssamfunn

Skal vi klare å lage 2-graderssamfunnet må vi vite kva det betyr. Derfor er vårt innspel at ein lagar eit forbruksbasert klimagassrekneskap, på lik linje med rekneskapan for direkte utslepp. Vidare må ein også finne eit mål for kor lågt dette utsleppet skal innan 2050. Som ein start kan ein gjera eit mindre studie av snittutsleppet til eit utval bergensarar. Det vert då lettare for t.d. oss i byggebransjen å sjå effekt av våre grep, då mange av dei ikkje er direkte utslepp, fanga opp i kommunens eksisterande klimarekneskap. Vidare kan ein då saman med planavdelinga lage rammeverk for kva type tiltak og den tilhøyrande effekt, målt kvalitativt og etter kvart kvantitativt, som kan setjast inn i byggeprosjekt. Dette vil på sikt også kunne gi eit rammeverk for kva som er godt nok for å få lov å bygge i Bergen og eventuelt kven då som ikkje får lov å bygge, på bakgrunn av manglande tiltak. Vi vil spesielt løfte fram viktigheita av å lage eit slikt rammeverk for byggebransjen fordi vi set premiss for veldig mange andre aktørar, basert på kvar vi bygger kva og korleis vi gjer det. Samstundes gir også val som vert tatt i dag konsekvens langt fram i tid, og i motsetnad til mobilitet, mykje tyngre å snu om på (relativt) kort tid.


### 06 - bygg og anlegg for framtida

Om ein ser på eit bygg gjennom levetida er det stort sett alltid mobilitet som har det største utsleppet, sjølv om ein fasar inn elbil. Så til tross for at det er eit eige kapittel på mobilitet meiner vi det også bør inkluderast i bygg og anlegg. Dette fordi næringa veldig mykje legg til rette for, eller kan avgrense privatbilismen, gjennom grad av parkeringsdekning.

### Pisk eller gulrot

Vi vil også til slutt slå eit slag for pisken. Vi trur dessverre at det er mykje meir effektivt å nytte pisk enn gulrot for å få til den omstillinga vi

HOLON



er avhengig av. Og då tenkjer vi det er naturleg at ein har hovudfokus på næringslivet, som tross alt tenar pengar på å få lov å operere i Bergen. Ein effekt av strenge og tydelege rammer vil også forhåpentlegvis verka innovasjonsskapande for næringslivet, då det ikkje er før ein vert utfordra at ein faktisk prioriterer å tenkje nytt. Så kan ein kombinere tydelege rammer og krav med gevinst. Så tilbake til vårt første innspel, kan ein då kombinere strenge klimakrav til utbyggjarar med friare rammer til utnytting, kjappare behandling etc.

Helsing,  
Ørjan K. Aall

Klimastrateg

HOLON Arkitektur